

GJER TRU TIL HANDLING - STØTT ARBEIDET I MALI



EG VIL BLI FAST GIVAR til _____ **kyrkjelyc**
sin misionsavtale i Mali via AvtaleGiro

Eg ønskjer å gi kroner (per månad)

- 300,-
 - 500,-
 - 1000,-
 - Anna belöp _____

Belast mitt kontonr:

A horizontal row of ten empty rectangular boxes, intended for handwritten responses or drawings.

NAVN: _____

ADRESSE: _____

POSTNR: _____ **POSTSTAD:** _____

E-POST: _____

STAD/DATO: _____ **MOBIL:** _____

UNDERSKRIFT: _____

PERSONNUMMER: (Fyll ut om du ønsker skattefrådrag)

For more information about the study, please contact Dr. Michael J. Hwang at (319) 356-4530 or via email at mhwang@uiowa.edu.

KUPONGEN SENDER DU TIL: NMS, POSTBOKS 226 SENTRUM, 4001 STAVANGER

VIL DU GI LENKE I TØRÅVE bruk konto 8220 02 85057 merk MALL



AvtaleGiro

Kontonr: 8220 02 85057


kyrkjelyd

VÅR KYRKJELYD HAR MISJONSAVTALE I

MALI



DETTE ER DE MED PÅ I MALI



Å gjera Jesus kjent blant fulanifolket

- Etter eit besøk hjå kristne vene i ein naboby blei vi stoppa av islamistar. I bilen fann dei først nokre foto av menn og kvinner samla, og dei konfiskerte bilda, fordi dei meinte dei var «ureine». Så fann dei ein bibel, og då trudde eg alt var over. Kva ville dei gjera med oss? Men det verka som om islamisten ikkje såg at det var ein bibel. Han bladde til og med i den, men la den tilbake. Så sa han kort at vi kunne dra i fred!

Fulaniane i Mali har ein sterk muslimsk tradisjon, men mange vil gjerne læra meir om Jesus Kristus. Det vert drive evangeliserande og kyrkjebryggjande arbeid, og både radio, hefte og bøker blir tatt i bruk i formidlinga. Misjonærane jobbar ofte saman med lokale kristne. Det blir også arbeidd med å omsetta Bibelen til fulani. Det nye testamentet var ferdig i 2005, medan det no blir jobba med å omsetta Det gamle testamentet. Nokre enkeltbøker derfrå er ferdige og alt tatt i bruk.

Saman er vi med på å dela trua på Jesus i ein samanheng der 90 prosent av innbyggjarane er muslimar.

Å kjempa mot omskjæring av jenter

Omskjering (kjønnsleesting) og skader i samband med fødsel skaper store problem for jenter og kvinner i Mali. I samarbeid med lokale helsearbeidarar jobbar ein difor med å få slutt på denne skadelege tradisjonen. Etter fleire år med målretta arbeid er resultata svært gode. Mange landsbyar har slutta heilt med kvinneleg omskjering, og innsatsen held fram i nye landsbyar.

NMS bidrar også med utdanningsstipend og leksehjelp til barn som tilhører fulanitalande kyrkjelydar.

Oppfølgjing frå NMS

E-post til kyrkjelyden tre gonger i året. Film/powerpoint ein til to gonger i året. Eiga side for kyrkjelyden på www.nms.no. Eventuelle besøk på førespurnad.

Kontaktinformasjon

Tlf: 51 51 61 00. E-post: info@nms.no.

Postadresse: Boks 226 Sentrum, 4001 Stavanger.

Adresse til lokal informant ligg på kyrkjelyden si side på www.nms.no

FAKTA OM MALI

17,5 mill innbyggjarar - 3 mill av desse er fulaniar
Halvparten lever under fattigdomsgrensa
90 % muslimer og 2,4 % kristne
Økonomi sterkt basert på jordbruk og fiske
Politisk turbulent dei siste åra, store utfordringar i forhold til stabilitet og sikkerhet



KVA GJER NMS HER?

Berre rundt 200 fulaniar i Mali er kristne. NMS vil nå denne folkegruppa med evangeliet om Jesus. Misjonærane byggjer relasjoner til enkeltpersonar for å skapa tillit og respekt. Arbeidsfellesskapet består av misjonærar frå sju organisasjonar og fem land; fire afrikanske og Norge.